



Norske Tindevegledere (NORTIND)
v/ President Leif Inge Magnussen

Norges Høgfjellskule er velkomen til Sogn

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd ønskjer Norges Høgfjellskule velkomen til Sogndal.

Sogn har eit veksande næringsliv, nyskapingstiljø og god infrastruktur. Sogndal er regionsenter, studiestad og motoren i Sogn, og har ei sterk offentleg kompetansefylgje innan forvaltning, utdanning og FOU.

I Sogndal vert Norges Høgfjellskule ein del av ei velfungerande klynge innan friluftsliv og naturbasert reiseliv på Campus Sogndal, med sterke aktørar som Høgskulen på Vestlandet, Sogndal vidaregåande skule, Vestlandsforskning, Sogndal folkehøgskule, Visit Sognefjord, Sogndal Klatresenter og Innovasjon Norge. På Campus Sogndal finn ein i tillegg store idrettsorganisasjonar og lokale og regionale utviklingsaktørar. Samarbeid på tvers av organisasjonar over tid gir resultat og nokre døme er:

- Kombinere studium som gjev mastergrad i friluftsliv
- Supplere med emne innan til dømes økonomi, reiseliv og entreprenørskap
- Deltaking i FOU-prosjekt med Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning
- Tilgang til undervisningslokale
- Toppidrettsutdanning på klatring
- Alpin redningsgruppe og skredgruppa til øvingar på kurs
- Nasjonalparkforvaltninga, Breheimsenteret og Bremuseet kan bidra med forelesningar og ev. finansiering.

Mange tindevegleiarar er i dag tilsett ved utdanningsinstitusjonane i Sogndal og vi har fleire guideselskap som er drivne av tindevegleiarar i regionen. Det vil gjere det enkelt å innfri kravet om avtale om praksisplassar i same region som fagskulestudiet vert etablert. Sogndal har fleire år på rad blitt kåra til beste studentmiljø. Dei 3500 studentane og elevane gjer til at befolkninga er ein av dei yngste i landet, og som set stort preg på service- og kulturtilboda i bygda.

Det er fleire samtidige prosessar som kan gje synergjar for den nye høgfjellskulen, til dømes:

- Dalalåven i Sogndal Skisenter Hodlekve
- Klimatilpassingssenter ved Vestlandsforskning
- Etablering av toppidrettsutdanning innanfor klatring
- Etablering av Sogndal fjell- og fjordsportsenter
- Bratt friluftslivsklynge med FoU-institusjonar, reiselivsbedrifter og utstysprodusentar m.fl., formalisert i eit nettverk (ECOSYSTEMSERVICES SOGN).

Og viktigast av alt og som de kjenner godt til: Sogn kan tilby spektakulær og relevant natur for Norges Høgfjellskule.

Med helsing

Jan Geir Solheim
leiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift